



Ørskog kommune

- Sunnmørsperla ved Storfjorden -

Rådmannen

Arkiv: FE - 026, FA - M50, FA - M60, TI - &13
Saksmappe: 16/1028
Saksbehandlar: Acos.Websak.Mellomlag.S ak
Dato: 16.02.2017

Strategi for ÅRIM – offentlig ettersyn

Utvalssaksnr.	Utval	Møtedato
23/17	Kommunestyret	23.02.2017

Samandrag:

ÅRIM har lagt ny strategi for selskapet ut til offentlig ettersyn.

Rådmannen innstiller på at Ørskog kommunestyre støttar strategien for ÅRIM 2017 – 2025.

Vedlegg; Dok.dato	Tittel	DokID
Acos.Websak.Mellomlag.DokVersjon	Offentleg ettersyn - strategi for ÅRIM	123653
Acos.Websak.Mellomlag.DokVersjon	Strategi for ÅRIM 2020 - 2025 høyringsutkast	123649
Acos.Websak.Mellomlag.DokVersjon	Strategi for ÅRIM Vedlegg 1 Bakgrunn og historikk	123650
Acos.Websak.Mellomlag.DokVersjon	Strategi for ÅRIM Vedlegg 2 Rammevilkår og regelverk	123651
Acos.Websak.Mellomlag.DokVersjon	Strategi for ÅRIM Vedlegg 3 Fakta om avfalls- og slamhandteringa i Ålesu...	123652
Acos.Websak.Mellomlag.DokVersjon	Miljødirektoratet - vil kreve gjenvinning av matavfall	127430

Saksopplysningar:

ÅRIM har følgjande hovudmål for perioden 2017-2025:

1. Avfallet frå innbyggjarane i Ålesundregionen skal gjenvinnast i tråd med EU sine krav for 2020, 2025 og 2030.
2. Talet på hushald som samarbeider om kjeldesorteringssløysingar skal auke.
3. ÅRIM skal vere eigarkommunane sin foretrukne leverandør for alle oppgåver innan avfall og slam.
4. ÅRIM skal ha ein kostnadseffektivitet i renovasjonstenesta på minst 85 %
5. ÅRIM skal ha ein kundetilfredsheit på minst 80 %

For å nå desse måla, har ÅRIM identifisert fem hovudsatsingsområde.

1. Meir avfall til materialgjenvinning og gjenbruk.

Tiltak: Innføre ei ny kjeldesorteringssløysing av matavfall og glas- og metallemballasje.
Finne behandlingssløysing for matavfall.
Ettersortering av restavfall for å utvinne fleire ressursar.

2. Meir effektiv innsamling og betre lokalmiljø.

Tiltak: Ta i bruk fellesløysingar for renovasjon. Meir av avfallet må under bakken.

3. Mindre avfall – meir til gjenbruk.

Aktiv informasjonsverksemd og arbeide for at brukbare produkt som blir levert som avfall kan få «eit nytt liv» ved at dei blir formidla til aktørar som kan bruke desse på nytt.

Tiltak: Etablering av tilbod om levering av produkt til gjenbruk på miljøstasjonane.
Tiltak mot marin forsøpling.

4. Betre kommunikasjon.

Forsterka innsats profesjonell kundekontakt og informasjon.

Tiltak: Informasjon om ny kjeldesorteringsløysing i ÅRIM.
Haldningsskapande arbeid, særleg mot barn og unge.

5. Evaluering og vidareutvikling av ÅRIM som organisasjon.

ÅRIM og eigarkommunane bør vurdere korleis selskapet kan nyttast til å løyse avfallsutfordringane mest mogleg effektivt.

Tiltak: Redusere dobbeltarbeidet.

Høyringsfrist for strategien er 20. februar 2017.

Viser til vedlagte dokument for utfyllande informasjon.

Vurdering:

ÅRIM har lagt fram 5 hovudmål for perioden 2017-2025. For å nå desse måla, har ÅRIM identifisert ei rekkje tiltak. Administrasjonen ser at her er mange omsyn som lyt takast både til nasjonale og internasjonale krav, brukarar, miljø og kostnadseffektivitet. Tiltaka som er foreslått får å nå måla er godt grunngjeven i forslag til strategi.

Det innbyggjarane vil merke med ny ordning, er fleire dunkar til sortering, dei må etablere nye kjeldesorteringsvaner, og at ÅRIM hentar avfallet med andre frekvensar enn før. Innføring av utsortering av matavfall synes å vere heilt naudsynt for å kunne nå EU-måla for 2020.

Rådmannen legg saka fram med slik

Innstilling:

Ørskog kommunestyre støttar strategien for ÅRIM 2017 – 2025.

23.02.2017 Kommunestyret

Frode Andresen sette fram følgjande forslag:

Ørskog Kommune sier seg i all hovedsak enig i strategien til Årim, men vil peke på strategimål 3 hvor vi mener det bør legges stor vekt på å bistå, og på sikt ta over kommunenes oppgaver innen gate /friluftsenovasjon og marin forsøpling. Det bør også så snart som mulig legges til rette for at lokale innsamlinger av avfall kan få deponere innsamlet avfall gratis. (For eksempel fjøreryddinger, sentrumsrydding til 17-mai).

Det vart røysta samla over innstillinga med tilleggforslag frå Frode Andresen.
Forslaget vart samrøystes vedteke.

KS-23/17 Vedtak:

Ørskog kommunestyre støttar strategien for ÅRIM 2017 – 2025.

Ørskog Kommune sier seg i all hovedsak enig i strategien til Årim, men vil peke på strategimål 3 hvor vi mener det bør legges stor vekt på å bistå, og på sikt ta over kommunenes oppgaver innen gate /friluftsenovasjon og marin forsøpling. Det bør også så snart som mulig legges til rette for at lokale innsamlinger av avfall kan få deponere innsamlet avfall gratis. (For eksempel fjøreryddinger, sentrumsrydding til 17-mai).

Rådmannen i Ørskog
Synnøve Vasstrand Synnes

Rådmann
Synnøve Vasstrand Synnes